


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
OKTOBER 2020**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag – onsdag kl. 15.00 - 19.00

Torsdag – fredag kl. 12.00 - 15.30

Lørdag Stengt

DIM-RENOVASJON:

Returpunt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

«Sopptur». Foto Øystein Vassbø. Dette biletet har også vunne premie i fotokonkuranse i TV2!

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 30. oktober. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før onsdag 21.10 kl. 24.00. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGADINGAR!

Det går mot haust, dei fleste har fått tredjeslått i hus, nokre har og kome så langt som fjerdeslått i år. Det har vore ein god sesong for bøndene. Lamma ser ut til å få dei nødvendige kilo på tampen av sesongen. Det ligg godt til rette for fulle frysediskar med norskprodusert mat inn i dei mørke haustdagane.

Det har kome til ein del nye bedrifter i året som har gått. Eg vil trekkja fram nokre for å visa breidda i det som rører seg i Bjerkreim.

Saga Energy har flytta inn i Duplobygget på leigeavtale med Bjerkreim kommune. Dei sel og monterer solcellepaneler, batteriløysingar, og minivindmøller til gardstun. Her har dagleg leiar vore klar på at det er mulegheiter for å kunna delta i monteringsarbeid på større prosjekt for nokre nevenyttige innbyggjarar. Kan vera ein spanande mulegheit for nokon i bygda som treng noko «attåt».

Bjerkreim trafikkavvikling ved Kjell Jostein Bjerkreim har fått skikkeleg fart på «geskjeften». Det er ein bransje som verkeleg har skote fart. Lokalt firma som syter for at trafikken går på ein ryddig og god måte ved vegarbeid og liknande vedlikehald. Dei tek på seg arbeid i heile Rogaland, og er synlege på sosiale medier. Muleg det er stilling ledig?

Poda gjerder Dalane ved Rolf Gravdal har også starta opp på Bjerkreim. Kjøyrer du av E39 mot Tenges på fv. 51 vil du sjå utstillinga til Poda gjerder Dalane i vegkanten. Han driv sal og montering av gjerder og grinder m.m. Enda eit tilbod til bygda. Han er også å finna på sosiale medier.

Til slutt vil eg få dra fram Bjerkreim hage & graveservice ved Kent Stian Bjerkreim. Som Dalane Tidende skreiv; «Du må arbeida rauå av deg for å koma i gang». Bjerkreim hage & graveservice er eit nytt firma innan graving, muring, hage- og gardsromsarbeid. Dei tek også på seg større utgravingar. Kjekt med nye etableringar, du finn dei også på sosiale medier.

Eg vil få gratulera alle dei eg har nemnt, og dei eg ikkje har nemnt. Vi har ein breidde i næringslivet som gjer det muleg å bu og arbeida i Bjerkreim. Dette treng vi meir av. SSB sin befolkningsundersøkelse gir Bjerkreim håp og mulegheiter i framtida. Der blir vi som einaste Dalanekommune trukke ut som vekstkommune i innbyggartal. Dette skal vi nytta, og ta vare på. Til dette trengst det tilgjengelege bustadområder, arbeidsplassar, og gode tenester. Dette kan vi som kommune leggja til rette for.

Til slutt; takk til idrettslaget for initiativ til aktivitetsdag for dei minste. I eit spesielt år med Covid 19 er slike arrangement sårt etterlengta.

Vask hender, hald avstand, og ta vare på kvarandre. Med ønskje om ein fin oktober-månad.

Vennlig helsing, Kjetil

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE OKTOBER – PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Fellesråd:	Torsdag 15. kl. 13.00
Ungdomsråd:	Torsdag 15. kl. 18.00
Gruppemøter:	Måndag 19. kl. 19.00
Formannskap	Tysdag 20. kl. 19.00
LMT-utval:	Onsdag 21. kl. 19.00
Levekårsutvalet:	Onsdag 21. kl. 19.00
Kommunestyre:	Tysdag 27. kl. 19.00

INFLUENSAVAKSINE TIL PASIENTAR I RISIKOGRUPPER

Tid og sted

Det blir vaksinerer for innbyggjarar i risikogrupper* på Vikeså Misjonshus onsdag 14. oktober kl. 11-17 og måndag 19. oktober kl. 08-17. Timebestilling er ikkje nødvendig, men det kan bli litt ventetid.

Pasientar med heimesjukepleie får tilbod om vaksine på Omsorgssenteret, og møter difor ikkje på Misjonshuset. Heimesykepleien tek kontakt med meir informasjon. Pasientar som bruker Marevan kan ikkje få vaksine på Misjonshuset. Dei må måla INR og få vaksine hjå fastlege. Bjerkreim legekantor gir vaksine til desse pasientane frå 15. oktober. Bestill time.

Pris:

Pasientar under 16 år eller med frikort: gratis

Øvrige pasientar i risikogrupper: kr. 50

Betaling med bankkort, VIPPS eller kontant (unngå veksling) ved fram møte.

**risikogrupper: kronisk sjuke og personar over 65 år*

(fhi.no/influensavaksine)

Følg med på www.bjerkreim.kommune.no og på Bjerkreim kommune sine Facebook-sider. Vaksineringa er eit samarbeid mellom kommunen og Bjerkreim legekantor.

HUSK AT DU IKKJE SKAL MØTA OPP VISS DU HAR HOSTE, SÅR HALS, FEBER ELLER KJENNER DEG SJUK. DÅ MÅ DU SNAKKA MED LEGE FØRST.

INFO OM TV-AKSJONEN 2020

Mykje blir annleis i år, det gjeld også TV-aksjonen. I år blir TV-aksjonen digital, og du kan bli digital bøsseberar. Meir informasjon finn du her:

www.blimed.no

Vi håper at mange vil bli digitale bøsseberarar!

VIPPS blir også eit alternativ som folk kan bruke for å gje, og beløpet blir registrert på den kommunen som telefonen er registrert.

I tillegg vil vi den siste veka før 18. oktober ha ei bøsse ståande på kommunehuset for at dei som ikkje kan gje digitalt, skal kunne bidra.

Håper på eit godt resultat for TV-aksjonen i år der innsamla midlar skal gå til å kjempe mot plast i havet.

For komiteen: Ingunn Ognedal

HJELPEMIDLER FRA OMSORGSSENTERET

Har dere hjelpemidler som ikke lenger er i bruk, er det fint om dere returnerer dem til omsorgssenteret.

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur – digitaliserte videoer: «Historien om Kalveskog». Gaute Skretting intervjuer Hans Holmen. NB! Filmen har dårlig bildeklaritet, men grei lyd.

OFFENTLEG SYMJING HØST 2020

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag frå 17.10 tom 19.12. Oppstart etter nyttår 2. januar 2021. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

LAURDAGAR (EKSTRA VARMT VATN)

Kl. 09.30 – 10.15 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.20)

Kl. 10.45 – 11.30 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 10.35)

Kl. 12.00 – 12.45: Familiebading (Garderobe frå 11.50)

Kl. 13.15 – 14.00: Familiebading (Garderobe frå 13.05)

Kl. 14.30 – 15.15: Familiebading (Garderobe frå 14.20)

Grunna Covid 19 – restriksjonar er det endra åpningstider frå tidlegare år. Det vert også naudsynt å ha færre gjester i bassenget på kvar gruppe. Lister blir lagt ut i gangen frå kl 09.30 for å reservere plass på dei ulike gruppene. I år gjeld dette også besøkjande over 18 år. Alle må registrere seg. Antall besøkjande vert sett ut frå gjeldande smittevernreglar til ei kvar tid. Har du vanskar med å kome innom? Ring og reserver plass på 51 45 93 27.

Alle besøkjande har sjølv ansvar for å overhalda smittevernreglar, og halda 1 meters avstand til andre badegjester. Grunna utvida reinhald, må garderobar tømast og reingjerast mellom kvar badegruppe. Oppmodar difor besøkjande til å vere så raske som mogleg i garderoben.

BLI BEDRE Å SVØMME, OG TRYGGERE I VANN!

Gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager fra og med 19. 10 til og med 14.12.:

Kl 16.30 – 17.15 for 1. – 3. trinn

Kl. 17.45 – 18.30 for 4. – 7. trinn

På grunn av Covid – 19 restriksjoner og renhold mellom grupper, blir det noe kortere bassengtid på hver gruppe i år. Det vil også bli begrensninger på hvor mange som kan være i bassenget i hver gruppe, og de som møter opp må registrere seg før de går i garderoben. Nærmere praktisk informasjon om dette vil bli sendt til aktuelle elevgrupper via skolene.

SVØMMEKURS:

Minner om at påmeldingsfrist til svømmekurs er 2. oktober. Det er foreløpig få påmeldte på torsdagskursene. Det tas forbehold om at kurs blir endret evt. avlyst ved liten påmelding. På grunn av Covid 19 – restriksjoner tas det også forbehold om at vi kan få plass til færre deltakere enn tidligere år på hvert kurs.

Torsdag 16.30 – 17.15 Videregående 1 (må kunne flyte)

Torsdag 17.45 – 18.30 Videregående 2 (må kunne svømme på dyp del av bassenget)

Fredag 16.15 – 17.00 Grunnkurs 1 (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag 17.30 – 18.15 Småbarn (fra 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag 18.45 – 19.30 Grunnkurs 2 (Fra 5 år. Barnet kan ha følge i bassenget)

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon finner du på kommunens hjemmeside under Skjema/ søknadssenter – Kultur og fritid.

KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune skal hvert år dele ut kr 30 000,- i kulturminnemidler. Pengene skal fortrinnsvis gå til vedlikehold av bygninger som er nevnte i kulturminneplanen. Midlene blir utdelt av levekårsutvalget. Pengene kan bli fordelt mellom flere søkere. Skriftlig søknad med detaljert plan og kostnadsoversikt må sendes innen 1.okt. Bruk gjerne: postmottak@bjerkreim.kommune.no

INNSATSPREMIER

Innsatspremier kan bli delt ut innen disse kulturområda:

1. Idrett og sport
2. Sang, musikk og dans
3. Andre kulturgreiner

Kriterier:

1. være blant de tre beste i NM
 2. gjort seg bemerket i nordisk eller internasjonal sammenheng
 3. bli vurdert av levekårsutvalet til å ha gjort en særlig fremragende prestasjon innen sitt kulturfelt
- I tillegg må utøver ha folkeregistrert

bostedsadresse i Bjerkreim.

Kom med forslag på kandidater innen 1.okt. til postmottak@bjerkreim.kommune.no

BYGGESKIKKPRISEN 2020

Hvem bør få Bjerkreim kommunes byggeskikkpris i år? Prisen blir utdelt på kulturdagen 29. nov. Kom med forslag og begrunnelse på kandidat før 1. okt. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, postboks 17, 4384 Vikeså.

SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2021. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: www.anleggsregisteret.no. Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147. Søknadsfrist 1. november hvert år.

KVA SKJER? www.bjerkreim.kommune.no

Nasjonalforening
for folkehelsen



BINGO

kvar 2. onsdag i månaden på Vikeså misjonshus kl. 14.00

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjörg Vassbø, tlf. 51 45 22 37/ 486 03 535.

HØYREAPPARAT

Treng du råd og vegleiing i bruk av høyreapparat? Vi er å treffa på Coop Ekstra siste torsdag kvar måned frå kl. 10.00 til 11.00. Marit K Bråten (92628426) og Toril O Songe (93262477) Likepersonar HLF.

ELDREFESTEN

Onsdag 21.10. kl.18.00 på Bjerkreim samfunns- hus: NRK-kjendis «Fotobonden» Jostein Hellevik kåserer og synar bilete. Musikk v/Green Sax frå Undheim. Ord- førar, rådmann og Kjellaug Bakke deltek. Middag. Pris: kr. 200,- pr. person, betal kontant beløp i døra (ingen veksling). Påmelding innan fredag 16.10. til Tom Fjermedal tlf. 51201100 (kl.10.00-14.00) Arrangementet fylgjer gjeldane smittevern- reglar.



EVENTYRSKOGEN

Fredag 6. november blir det spennende eventyr i Foreknuden på Vikeså. Sett av kvelden.

Bjerkreim kulturskule og Bygdekvinnelaget

PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 29. oktober kl. 14.00 – 17.00 på samfunns- huset, stor sal. Skyss frå sjukeheimen tur/retur. Underholdning: Jostein Laksesvela trekkspel, Åse Kari Bråkli, Synnøve G. Helland og Ida Husveg; song og gitar
Tema: Matgledekorps til eldre
Bjerkreim kommune er valt ut til å delta i eit prosjekt om eldre, gode matvanar og sunn kost. Oppdrags- gjevar er Fylkesmannen i Rogaland. Målet med prosjektet er å skape gode måltidsopplevingar og redusere underernæring hos eldre. Prosjektet blir presentert på møte, og det vil bli servert smaksprøver på sunn, næringsrik og velsmakande kost. Vi over 60 og andre er velkomne. Takk til SR-bank for sponning av husleige.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

VERDENS MATVAREDAG

16. oktober markerer bygdekvinnelaget dagen og byr på smaksprøver av helgrillet lam ved Coop Ekstra fra kl. 16.30

MAT FOR SARTE MAGER!

21. oktober
Bjerkreim skule kl. 18.30
Bygdekvinner deler matglede i Bjerkreim! Maggi Gausel, som har skrevet flere bøker om mat og godt kosthold, kommer!
Påmelding Liv Karin 91729184

ÅRSMØTE

28. oktober kl. 19.00
Musikalsk innslag av Magnhild Hadland og Jan Ivar Petersen "Prøysen"
Påmelding til Liv Karin 91729184, frist: 21.10

TRADISJONSMATKURS

16. november på
Bjerkreim skule kl. 18.30.
Bygdekvinner deler matglede i Bjerkreim! Påmelding til Liv Karin 91729184

KLASSETUR

Elever født i 2006 samler inn penger sammen med foreldre til tur i 10. klasse.
Har du en stor eller liten dugnadsjobb for oss?
Ta kontakt med:
Inger Marie Iversen Vassbø tlf 476 64 039 Anna Elisabeth Røynestad tlf 975 64 327

ÅRSMØTE BONDELAGET

Tirsdag 20. oktober kl. 19.30 i Lillesalen, samfunnshuset.
Vidar Olsen fra NorgesGruppen, en fra Fatland og en fra Nortura kjem for å debattere sammen med oss: «Hvorfor det er så lite norsk kjøtt i butikdiskene, selv om det er overproduksjon i flere produksjoner?»
Hilsen fra Fylkeslaget.

Mat:
lammegryte og potetmos, og kake til dessert. Eventuelle saker til årsmøte må mottas før 9. oktober.
Velkommen.

Arr: Bondelaget

HAGELAGET

Velkommen til foredrag av Liv Todenem om trær og busker i hagen.
Tirsdag 6. oktober kl. 19.00 på kommunehuset. Kaffe og utlodning. Alle er velkomne.

ÆTTESOGELAGET VISER FILM

Tid: Torsdag 1. oktober kl. 19.00
Stad: Kommunestyresalen
Filmen "13 dagar i april" vert vist.
Her fortel 10 krigsveteraner om kampane ved Sandnes, Ålgård, Dirdal og Gloppedalen i 1940. Filmen var tenkt vist i april som ei 80 års markering for kampane, men måtte utgå. Møte vert halde etter gjeldande corona-reglar.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Det er 7 år siden kvinnegruppen startet i Bjerkreim. Mange nasjonaliteter har vært innom, noen møter fortsatt trofast, men det er plass til flere!
Alle kvinner som bor i kommunen, fra alle nasjonaliteter, som ønsker å bli kjent og snakke norsk med andre kvinner er hjertelig velkomne, også norske. Vi samles til uformelle treff på lærerrommet på Vikeså småskule, kl. 18.30 til kl. 20.30. Det serveres kaffi og te, og litt å spise. De som har lyst kan gjerne ta med en pakke kjeks, litt frukt, eller noe annet, av og til. Du som er ny i kommunen er spesielt velkommen! Datoene for høsten blir onsdagene; 14. oktober, 11. november og 9. desember.

SETT AV DATOENE:

- Blå time- konsert 22. 11
- Julekonsert med Valborg 5. 12
- Forfattarbesøk av Egil Midtbø på biblioteket onsdag 14. 10. kl 17.30.
Han presenterer boka *Tausheten i Sokndal*.

BASAR

Stad: Bjerkreim bedehus
Tid: laurdag 10. oktober kl.19.00.
Andakt av Norene Frafjord Sordal.
Åresal, barnetrekking, hovudtrekking.
Velkommen!

Arr. NLM kvinneforening

VIKESÅ MISJONSHUS

- | | |
|-----|--|
| 07. | kl. 20.00 Bønnesamvær |
| 10. | kl. 10.00 Mødre i bønn – kurs |
| 12. | kl. 19.00 Yngres og Korvetten |
| 14. | kl. 14.00 Bingo Helselaget |
| 18. | kl. 11.00 Høgmesse
kl. 11.20 Søndagsskule |
| 20. | kl. 19.30 Bibelundervisning |
| 26. | kl. 19.00 Yngres og Korvetten |
| 31. | kl. 16.00 Misjonskveld med utlodning, NLM |

BJERKREIM BEDEHUS

- | | |
|---------|--|
| 03. | kl. 19.00 Lørdagskveld, Imf
Tale av Ole Lilleheim, Åpne dører |
| 04. | kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
kl. 11.15 Søndagsskule |
| 05. | kl. 18.30 Gutte- og jentelag |
| 08. | kl. 19.30 Møte Israelsmisjonen |
| 10. | kl. 19.00 Basar, NLM |
| 12. | kl. 19.30 Yngres |
| 17. | Aktivitetsdag for familiar, Tonstadli
Talar: Jon Håvard Gundersen |
| 18. | kl. 11.00 Endelig søndag
Talar: Jon Håvard Gundersen |
| 19. | kl. 18.30 Gutte- og jentelag |
| 23.-25. | kl. 19.30 Møter, Indre Sjøen.m. |
| 26. | kl. 19.30 Yngres |
| 30.-31. | kl. 19.30 Møter, Lys over land |

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Sundag 11. oktober kl. 11.00.

G3 gudsteneste og hausttakkefest i Bjerkreim kyrkje. Takkoffer: bygdekvinnes prosjekt Sambolabo

Laurdag 17. oktober

kl. 11.00 og kl. 13.00.

Konfirmasjonsgudstener i Bjerkreim kyrkje

Takkoffer: trusopplæringa Kun for konfirmantar og deira familie i kyrkja.

Nettsending ope for alle: sjå Bjerkreimkyrkja.no

Sundag 18. oktober kl. 11.00.

Høgmesse på Vikeså Misjonshus. Takkoffer: Misjonsprosjektet

Laurdag 24. oktober

kl. 11.00 og kl. 13.00.

Konfirmasjonsgudstener i Bjerkreim kyrkje. Kun for konfirmantar og deira familie i kyrkja. Nettsending ope for alle: sjå Bjerkreimkyrkja.no.

Takkoffer: trusopplæringa

Sundag 25. oktober kl.

11.00. Sundagsskulens Dag og Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av 4-års bøker. Takkoffer: sundagsskulane i Bjerkreim

Soknemøte etter gudstenesta søndag

25. oktober – kl. 12.30.

Sak: Revidering av Bjerkreim sokn si ordning for hovudgudstenesta. Dokumenta ligg på bjerkreimkyrkja.no.

MENIGHETEN SYNG KJENTE OG KJÆRE SALMAR OG SONGAR

Onsdag 4. november kl. 19.30 i Ivesdal kapell.

DØYPTE:

23.08.20 Eline Skjæveland
Boge Thu
23.08.20 Thea Slettebø Gjedrem
06.09.20 Emmeline Helland
20.09.20 Elvira Helland
20.09.20 Torbjørn Reime Mong
27.09.20 Erik Slettebø
27.09.20 Oskar Grøtteland

DØDE:

19.08.20 Solveig Solberg
04.09.20 Elise Gravdal
07.09.20 Jorina Søyland

Utvalgt (Joh 15, 9-12)

En sten startet livet sitt på toppen av ett veldig høyt fjell. Vind og rein og snø bevegte steinen sakte nedover og til en bekk. Hvert år fikk rein og smeltende snø og is, skjøvet steinen lenger nedover i bekken, som etter hvert ble en elv. En gang ramlet steinen ned ett fossefall, som fikk den til å kræsje mot andre steiner slik at den mistet noen av dens skarpe kanter. Denne rundere steinen ble fraktet litt etter litt lenger og lenger ned i dalen år etter år. Til slutt var steinen glatt og uten kanter.

En dag lå steinen på bunnen av elva, bekymret seg for sine egne ting, og så opp på himmelen. "Mon tro om det er mer til livet enn å bare være en stien?" lurte den på. Ville ikke du lurt på det samme? Og så i samme øyeblikk kom det en gutt ut i elva og begynte å plukke steiner. "Plukk meg opp, plukk meg opp," ropte steinen helt til den kom på at den ikke hadde noen munn. Hadde den hatt armer og ben ville den hoppet opp og ned for å bli sett. Og så brøt handa til gutten vannoverflaten og plukket den opp. "Du er perfekt!" sa gutten. For nettopp denne steinen, hadde Gud en spesiell jobb til: en stein som hadde brukt mange mange år på å komme nedover elven; en stein som hadde bumpet og dunket i nesten alle andre steiner.

Gutten tok steinen med seg og gikk ut på ett jorde. Han sa noen ord til en annen, og plasserte steinen i en slynge. Rundt og rundt fór steinen – helt til den fløy ut i lufta. Og traff. Midt mellom øynene på den andre.

Kjenner du historien? David og Goliath. Gud visste før verden var skapt at David ville plukke opp nettopp denne steinen. Steinen David valgte *var* den beste steinen for jobben. På samme måte: før verden ble til, visste Gud at du ville være den du er nå i dag. Han vet alt om deg. Du er umistelig; for Jesus har utvalgt deg! I hans øyne er du en edelsten. Kostbar. Umistelig. Og han har gitt deg en oppgave. Om å elske hverandre, slik som han har elsket oss.

mwh Leif prest

ÅRETS KONFIRMANTAR

Bjerkreim kyrkje laurdag 17. oktober:

Hanna Drange
Alexander Gjedrem
Martin Herikstad
Thomas Hovland
Jon Andreas Nilsen
Jørgen Osland
Morten Espedal
Simen Espedal
Karline Osland
Theodor Skjæveland Refvik
Mathias Vinningland Rodvelt
Olav Severeide Torgersen
Markus Versland
Amalie Vikeså
Mikael Vindenes
Patrik Ege
Regine Kjølborg

Bjerkreim kyrkje laurdag 24. oktober:

Tara Charlotte Brattebø
Malena Gjedrem
Julian Gåsland
Liam Nørstad Helland
Karoline Stokkeland
Josef Thang Uk
Viljen Apalset Vassbø
Synne Veen
Tina Rubina Versland

Hans Bjørn Vikesdal
Simen André Strandberg Fagermo
Julian Lüneberg
Jakob Brun Rekeland
Sofie Hellestø Stangeland
Hege Tengesdal
Sigvald Trøan
Jonas Vaule
Kine Gåsland
Albert Oskar Kowalewski
Viljar Sollid Grønås

SØKNAD OM OFFER - 2021

Soknerådet tildeler offer for 2021 i desember 2020. Frist for å søkja om offer er 15.11.20.

TRAFIKALT GRUNNKURS

Startar etter midten av oktober. Fyller du 15 år innan oppstartsdag, kan du bli med. Meld deg på her: bjerkreimkyrkja.no/aktuelt/trafikk.

UTDELING AV 4-ÅRS BOKA

Alle 4-åringar (født 2016) er velkomne til å få bok på Sundagsskulens Dag og familiegudstenesta 25. oktober i Bjerkreim kyrkje. Ta kontakt med oss dersom de ikkje får invitasjonen i posten.

SØKNAD OM PRODUKSJONS- TILSKOTT PR 01.10.20

Det er på ny tid for eit av haustens vakraste eventyr, nemleg søknaden om produksjonstilskott 2020. Dei fleste av dykk har levert del 1 av søknaden i første del av mars, og nå er det tid for å sende inn del 2.

Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskott og så vel du produksjonstilskott. Her finn du direkte link til søknadsskjemaet i altinn

Søknadsfristen er 15.10.20, og du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.2020 utan økonomiske konsekvensar. Har du gløymt å levere søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.20, med då med eit trekk på 1.000 kr/dag.

I tillegg kan du etterregistrere innan 10.01.21 avløysarutgifter mellom 01.10.20 og 31.12.20, samt dyr på utmarksbeite som er sankt etter 15.10.20. No kan du søkja om:

Tilskott for husdyr:

- Du skal søkja for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare. Sauene søkte du på i mars, både når det gjeld tilskott og grunnlag for avløysartilskott.
- Vær nøye og tell tal dyr du søkjar tilskott på.** NB kyr/ammekyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljdato skal førast som **øvrige storfe**. Ein del fører feil her, og då er me nødt til å avkorte i tilskottet.
- Det er dei dyra du disponerer på teljdato den 01.10.2020 som skal førast opp. **Ikkje før opp ca tal!**

- Når det gjeld mjølkekyr og ammekyr, vil dyretallet du fører opp på husdyrtilskottet automatisk danne grunnlaget for henholdsvis driftstilskott mjølk og driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon. Det same gjeld tilskott til små og mellomstore mjølkebruk.

Beitetilskott:

Her skil me mellom to typar beitetilskott:

- Ordinært beitetilskott der dyra må ha vore ute på beite i minimum 16 veker gjennom beitesesongen, og minst halvparten av grovforopptaket skal ha skjedd på beite. Vær nøye og sjekk om dyra dine har vore ute på beite så lenge som kravet tilseier. Det er summen av beite på inn- og utmarksbeite som må vera minst 16 veker. Beitetilskottet er på 50 kr/småfe(sau, lam, kje, geit) og 420 kr/ storfe.
- Tilskott for beiting på utmarksbeite, der dyra i utgangspunktet må ha vore minst 5 veker til heis eller på avgjerda utmarks-beite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom ut- og innmarks-beite, vil me framleis nytta reknearket for avbeiting som støtte for vår vurdering. Det må imidlertid finnast ein del utmark på eigedommen, slik at dyra reelt har beite for 5 veker, kanskje 5 – 10 daa utmark pr. vaksen sau. Er du i tvil, fyll ut tabellen som ligg på heimesida vår, og send inn for vurdering, eller ta kontakt med oss. Fyll aldri inn alle dyr, og tru at me fikser resten. De må fylla inn rubrikken for sluppet på utmarksbeite(teller 70 % av tilskott) og sankt frå utmarks-

beite(teller 30 % av tilskott). Tilskottet er 230 kr/småfe og 817 kr/storfe.

Arealtilskott.

- Her søker du automatisk både på areal- og kulturlandskapstilskott, ved å fylla inn dei areala ditt føretak har disponert i vekstsesongen 2020. Tala frå i fjor er preutfyllt, men du må fylla inn dei tala du reelt har disponert i 2020. Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Oppmålt nydyrka areal og nye godkjente beite er for dei aller fleste lagt inn i gardskartet.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart. Link til dette kartet finst direkte i søknaden, eller linken på kommunen si internettside.

Tilskott til avløyning.

- Her fyller du inn netto avløysarutgifter, utan meirverdiavgift, som føretaket har hatt som kostnad fram til og med 15.10.2020. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så fyll ut kr. 1 i rubrikken, slik at du faktisk har søkt. I avløysarutgiftene fyller du inn summen av eigne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak. Lurar du på noko så kontakt landbrukskontoret. Maks tilskott er 85.800 kr for 2020.

RMP

Husk også at fristen for å søkja om tilskott til Regionalt miljøprogram er 15.10.20. Info om dette finn de på heimesida og i e-post frå oss. Lykke til!

INFORMASJON



PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA



*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynet.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

2 FOR PRISEN AV 1

15 KG EUKANUBA WORKING & ENDURANCE

HØYENERGIFØR TIL JAKT- OG SAUE-HUNDER

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!